

KNUT VAAGE - BIOGRAFI

Knut Vaage (1961) er busett i Bergen kor han livnærer seg som komponist. Han har utdanninga si i klaver og komposisjon frå Griegakademiet i Bergen. Frå Norges Musikkhøgskole har han fått realkompetanse som lektor i komposisjon. Vaage har vore aktiv innafor fleire stilartar, men med hovudvekt på improvisasjon- og samtidsmusikk. Han har i fleire prosjekt utforska grensene mellom improvisasjon og komposisjon. Vaage sin produksjon spenner frå symfoniske verk og opera, til solostykker. Musikken hans er ofte framført på konsertar og festivalar i inn og utland.